



MØTEPROTOKOLL

Utval: Valstyret
Møtedato: 10.09.2013
Møtetid: 14:00 - 14:40
Møtestad: Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:
Roy Vegar Hope (H)	Eva Hellevang (H)

Andre som var til stades på møtet:

Politisk sekretær Magda Haugen, stabssjef Jan Erik Boge

Orienteringar/meldingar:	<ul style="list-style-type: none">• Gjennomføringa av Stortingsvalet vart diskutert/gått gjennom, mellom anna:<ul style="list-style-type: none">○ Det var ein del utfordringar med bruken av valadministrasjonsprogrammet (EVA). Det er viktig at administrasjonen melder dette inn til departementet.○ Det er også viktig å evaluera kva som gjekk bra/mindre bra i Samnanger, og kva som eventuelt bør endrast ved komande val (til dømes med tanke på organisering, opplæring etc.).○ Utfordringane med EVA førte til at valresultatet for Samnanger vart ca. ein time forsinka. Resultatet vart klart kl. 23.55.• Sametingsvalet.<ul style="list-style-type: none">○ Røyster frå innbyggjarar i Samnanger til Sametingsvalet vert sende til Oslo. Kommunen har ikkje ansvar for teljing av røyster til Sametingsvalet.
---------------------------------	---

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 26.09.2013

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
009/13	13/489	Faste saker	
010/13	12/244	Stortings- og sametingsvalet 2013 - godkjenning av gjennomføring av valet 09.09.13	

SAKNR. 009/13
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Protokollen frå førre møte vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

10.09.2013 VALSTYRET

Handsaming i møtet:

Ingen delegerte vedtak/referatsaker vart tekne opp. Samrøystes vedtak.

VAL-009/13 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent

SAKNR. 010/13

STORTINGS- OG SAMETINGSVALET 2013 - GODKJENNING AV GJENNOMFØRING AV VALET 09.09.13

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

.....

10.09.2013 VALSTYRET

Handsaming i møtet:

Utkast til valprotokoll for Stortingsvalet (generert frå valadministrasjonssystemet EVA) vart gjennomgått. Det vart funne nokre mindre feil i utkastet, som skal rettast opp. Med desse endringane vedtok valstyret samrøystes å godkjenna valprotokollen.

VAL-010/13 VEDTAK:

Valstyret godkjenner valprotokollen for Stortingsvalet 2013.

